

# STRANDA KOMMUNE

## SAKSPAPIR

Saksbehandlar: Inge Teigen

Arkivsak: 24/1070

Styre, råd, utval:	Møte dato:	Saknr.:
UTVAL FOR MILJØ OG KOMMUNALTEKNIKK	27.05.2024	021/24

### Ny gebyrforskrift feiing og tilsyn Stranda kommune

#### Kommunedirektøren si tilråding:

Framlagt forslag til ny forskrift for gebyrområdet feiing og tilsyn vert lagt ut til høyring.

#### 27.05.2024 UTVAL FOR MILJØ OG KOMMUNALTEKNIKK

#### Møtebehandling

#### Vedtak samrøystes

#### MK - 021/24 Vedtak

Framlagt forslag til ny forskrift for gebyrområdet feiing og tilsyn vert lagt ut til høyring.

#### SAKSUTGREIING

##### Bakgrunn for saka

I sak 017/23 til utval for miljø og kommunalteknikk vart det lagt fram endring til lokal forskrift om feiing og tilsyn og om gebyr for gjennomføring av lovbestemt feiing og tilsyn av fyringsanlegg. Det vesentlege i forskrifta den gong, var fastsetting av gebyr og hyppigheit av feiing og tilsyn utifrå:

- kartlegging av behov for feiing (sotmengde, fyringsmønster, type eldstad(ar), skorstein m.m.)
- risikovurdering for fare for brann i fyringsanlegget

Ein erfarar etterkvart at dersom gebyrfastsettinga skal gjenspeile behov, hyppigheit og risiko vert dette ein svært krevjande jobb. Hyppigheit for utføring av feiing og tilsyn kan være forskjellig. T.d.ein bustad med behov for årleg feiing og tilsyn 6 kvart år, mens naboeigedomen har behov for feiing 4 vart år og tilsyn annakvart år. Dette kan også endre seg i løpet av perioden som er fastsett, ved t.d sal av eigedomen, endra fyringsmønster, ny eldstad m.m. Det kan derfor verte svært arbeidskrevjande og "halde styr" på gebyr på den ulike eigedom.

Ein rår til at gebyret vert eit likt gebyr for feiing og tilsyn, uavhengig av behov for feiing og risiko for brann.

Forskrifta hadde også ein "svakheit" vedr. innkrevjing av gebyr når feiing og tilsyn ikkje vart utført. Utklipp frå dom i Møre og Romsdal Tingrett 9 mai 2023. som gjaldt Fjord kommune.

*Gebyr kan krevjast inn sjølv om feiing og tilsyn ikkje er utført i følgjande tilfelle:*

*-Feiaren finn ved inspeksjon av røykkanalar at feiing ikkje er naudsynt.*

*-Feiaren har etter varsel og ved oppmøte til fastsett tid, ikkje har tilfredsstillande tilgang til fyringsanlegget.*

*Bestemmelsens andre avsnitt fremstår som en presisering av første avsnitt. Etter rettens vurdering er det naturlig å tolke dette antitetisk, slik at det ikke kan kreves gebyr der feiing og tilsyn ikke er utført i andre tilfeller enn de som uttrykkelig er nevnt. Ingen av de nevnte tilfellene er aktuelle i denne saken - feieren har så langt ikke inspisert røykkanalene i xx fritidsbolig og feieren har heller ikke varslet og møtt opp ved fritidsboligen. Slik retten vurderer det gir feieforskriften § 4 derfor ikke kommunen hjemmel til å kreve at xx betaler fakturert gebyr for feiing og tilsyn*

### **Saksopplysningar**

Brannsjefen har utarbeidd nytt forslag til forskrift. Det er kommunestyret som vedtek denne, men først skal forskrifta leggast ut til høyring i 4 veker.

Gebyr knytt til feiing og tilsyn byggjer på sjølvkostprinsippet, det vil seie at kommunen sine kostadar med å utføre tenestene skal dekkast inn gjennom dei gebyra som abonnentane betalar. Kommunen har ikkje høve til å tene pengar på tenestene. Over- eller underskot i det einskilde år skal høvesvis verte avsett eller trekt frå bundne driftsfond. Avsett overskot frå det einskilde år vert attendeført til abonnentane i form av lågare årsgebyr i løpet av ein femårsperiode. Tilsvarande vil underskot til framføring verte dekt inn over årsgebyret i løpet av ein femårsperiode. Feie- og tilsynsgebyra skal ikkje finansiere andre delar av kommuneforvaltninga

### **Vurdering**

Kommunedirektøren rår til at framlagt forslag til ny forskrift for gebyrområdet feiing og tilsyn vert lagt ut til høyring.

#### **Vedlegg:**

##### **Dok.dato:**

21.05.2024

##### **Vedlegg:**

Utkast til ny forskrift om feiing og tilsyn av fyringsanlegg og om gebyr for gjennomføring av lovbestemt feiing og tilsyn med fyringsanlegg

##### **Dok.ID**

387660